

# ÅRSMELDING

## Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2005

### ÅRSMØTET 2005

Årsmøtet i 2005 var lagt til same helga som Fylkeskappleiken vart avvikla i Dale. Ein trudde då at ein skulle få fleire av medlemane i tale, men det slo ikkje til. Det vart ikkje fleire utsendingar av den grunn.

Årsmøtet var på kommunehuset i Dale, søndag 3. april

Det møtte 10 lag med 13 representantar + 4 styremedlemar og ein varamedlem. I tillegg var Dagrun Hesjevoll frå kontoret og to observatørar til stades.

Til saman 20 personar.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Leiar: Eva Kristin Svidal

Nestleiar: Jens Brekke

Styremedlem: Berit Anne Knutsen

Styremedlem: Aslak Johnsen

Styremedlem: Johannes Rotihaug

1.varamedlem: Arve B. Røneid

2. varamedlem: Per Lien, 3. varamedlem Anne Grethe Hukseth

Revisor: Kjell Sverre Snøtun

Valnemd: Reidar Johannesen, Einar Eimhjellen og Nils Solheim.

Det har vore halde 9 styremøte, av desse var 6 telefonmøte.

Det er handsama 40 saker i 2005.

-

## **MEDLEMAR**

Medlemstalet har auka noko, frå 622 til 664 medlemmar. Pr. 31. 12. 2005 har laget ca 90 born og 565 vaksne medlemmar. 9 medlemmar er ikkje knytt til noko lokallag, men står direkte tilslutta fylkeslaget. Totalt har fylkeslaget 20 lag som alle er medlem av LfS.

## **KONTORET**

**Dagrun Hesjevoll er tilsett i 50 % stilling.**

### **Heimeside på Internett.**

Peder Kjærvik i Jostedalen har sett opp heimesida vår. Eva Kristin Svidal og Dagrun Hesjevoll har hatt oppdateringa.

Adresser: [www.folkemusikklaget.no](http://www.folkemusikklaget.no)

[www.mokurset.no](http://www.mokurset.no)

e-postadresse: [dagrun@folkemusikklaget.no](mailto:dagrun@folkemusikklaget.no)

I januar 2006 er sidene våre flytta over til April studios som er det selskapet der LfS har sine sider.

### **Medlemsblad:**

Det vart sendt ut medlemskriv i juni til alle medlemmane. Det var tanken å gje ut to, men økonomien tillet ikkje det. Nokre få tilbakemeldingar har me fått på skrivet.

## **KAPPLEIKAR**

**Fylkeskappleiken** vart skipa til av Dalsfjorden spelemannslag og vart skipa til i Dale 1.og 2. april. Deltakinga held seg låg, men det var mange gode prestasjonar og det var ein triveleg og fin kappleik.

-

**Vestlandskappleiken** gjekk av stabelen på Sande 14.-16.oktober med Gaular spelemannslag som tilskiparar. Det var litt fleire deltakarar enn i 2004, men det hadde vore god plass til fleire. Det var eit godt arrangement, og folk kosa seg på kappleik.

**Styret takkar tilskiparane for godt arbeid og gode arrangement.**

## **Sjokoladekappleik**

Dette var nytt av året. Det er ei vidareføring av Juniortreffet som har vore arrangert i 17 år. Eva Kristin Svidal, Aslak Johnsen og Arngunn T. Bell saman med dagleg leiar sto for forarbeidet. Under treffet hadde ein med gode medhjelparar frå kappleiksområdet. Kappleiken vart halden på Mo. Det var nok lurt fordi mange av ungane er kjende der og dermed ”følte seg heime” Me tinga mat på skulen og treffet vart vellukka og godt. Ca 90 ungar var på treffet, i tillegg ein god del vaksne.

Styret og dagleg leiar hadde dugnad med å tigge sjokolade til premiar, noko som ikkje var like enkelt alle stadar.

Takk til alle som hjelpte til slik at dette vart så vellukka.

## **KURSVERKSEMD**

**Mokurset 31.juli – 5.august.**

Sommarkurset hadde fullt belegg. Me fyller opp det som skulen kan ta i mot.

Kurset fungerte godt, også sosialt, noko som er svært viktig. Alderen på deltakarane ligg no frå 10 – 16 år og jentene er i stort fleirtal. Likevel kan me sjå ein liten auke i talet på gutar.

Lærarkrefter i år var: Gro Marie Svidal, Britt Pernille Frøholm, Sigmund Eikås, Sølvi Lien, Arngunn Timenes Bell, Terje Furenes og Leif Rygg på hardingfele. Aslak Johnsen og Erlend Viken på vanleg fele. Rikke van Ommeren hadde toradar og Solbjørg Tveiten song-undervisninga. Linda Fluge lærde elevane å danse saman med Aslak Johnsen og Tor Egil Gjelsvik. Jens Brekke tok føre seg bukkehorn og trekkspel. Dagrun Hesjevoll var kursleiar.

Som vanleg så fekk me god mat og god service på skulen.

### **Arrangørgruppe for Mokurset.**

Styret vedtok å gjere om referansegruppa for Mo-kurset til ei arrangørgruppe. Eva Kristin Svidal, Aslak Johnsen, Gro Marie Svidal og Jofrid Nedrebø set i denne gruppa og har sett på sider av kurset og komme med innspel og framlegg til ting som skal gjere kurset betre. I samråd med dagleg leiar legg ein opp til litt endringar i arbeidsoppgåver / ansvarsfordeling. Dei tek no ein del av arbeidet med kurset slik at dagleg leiar får frigjeve litt tid til andre oppgåver.

Takk til gruppa for godt og inspirerende arbeid.

### **Kurs for vidarekomne i spel og song: 30.september – 2. oktober.**

Ein lyste ut nye kurs i Naustdal i samband med ”Gamaldansgallaen” til Naustedalen spelemannslag. Det var berre kurset med Arve B. Røneid på toradar som vart avvikla. Songkurset vart avlyst grunna liten påmelding. Felekurs og dans vart ikkje lyst ut sidan LfS same helga hadde tilbod om tradisjonskurs i spel og ein ikkje ville konkurrere om deltakarane. Dessverre så vart og LfS sine kurs avlyst grunna lita påmelding, men då var det for seint å gjere nye framstøyt for oss.

-

**Songkurset i Ragnar Vigdal sin songtradisjon:** under arr. ”Blåe tonar under breen” måtta avlysast i år. Det vart for lite påmelde.

## **ROLF MYKLEBUST SITT MINNEFOND**

Fondet er bygt opp av salet av ”Slåttar i Nordfjordtradisjon ” og overskotsmidlar frå gode økonomiske år i laget. Med renter og sal av nokre hefter i år, så er fondet komme opp i 108676kr. Det er ikkje brukt av fondet til prosjekt dette året, men det er gjort vedtak om tilskot til Vidar Underset sitt prosjekt: Opplæring på video. Dette skal utbetalast når produktet ligg føre.

## **ØKONOMI**

I år har me fått midlar frå:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune kr. 180000.

Stønaden er heilt avgjerande for å ha ein tilsett i organisasjonen og halde oppe aktiviteten.

Me fekk og nytta oss av ”fylkeskvoten” til Mokurset.

Verkstadordninga: kr 50000.- til Mokurset,

Juniortreffet.kr:5000.-

Ranglenatt: kr.5000.-

og spelkurs kr. 3500.-

Av verkstadmidlane har me fått omdisponere ubrukte midlar til Mokurset.

Frå LfS kr. 5000.- til Mokurset.

Luster Sparebank gav kr. 1000.- til arbeidet vårt.

Rasmus og Agnes Pettersens fond kr. 2000.-

Me er svært glad for at våre eigne medlemmar har sponsa oss.

E. M. Budbil har gjeve 5000kr til Mokurset og Anders Eikås sag og høvleri kr. 1500.- til medlemsskriv / andre tiltak.

**Drifta av laget har gått med underskot. Det syner seg at ein kan klare å halde kursa stort sett i balanse, med unntak av Mokurset. Men p.g.a. omdisponerte midlar, sponing og fylkeskvoteordinga så kjem ein i hamn der og.**

**Den daglege drifta blir støtta av fylkeskommunen, men når ein ikkje får støtte til drift av andre, så vert det for lite midlar. Sjølv om ein er svært nøktern klarar ein ikkje å halde budsjettet.**

-

**Styret takkar hjarteleg alle som har gjeve laget sårt tiltrengde midlar .**

## **SAMARBEID MED ANDRE**

Folkemusikklaget har samarbeid / kontakt med desse organisasjonane og institusjonane:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

- kulturavdelinga
- musikkarkivet

Sogn og Fjordane Musikkråd / Sogn og Fjordane kulturnettverk

Norsk Musikkråd

Musikkverkstadordninga

Landslaget for Spelemenn

**Hordaland Folkemusikklag**

Førde Internasjonale folkemusikkfestival

Det var hektisk møteverksemd i samband med Førdefestivalen på vårparten.

Dette vart det orientert om på årsmøtet i 2005.

Knutepunktfestivalen er på plass med nytt styre og representantskap. Årets festival gjekk av stabelen frå 7. – 10. juli. Med litt mindre publikum enn dei siste åra, men med mange flotte musikkopplevingar.

#### Ny nettverksorganisasjon.

Sogn og Fjordane Musikkråd var i ei omstillingsfase og det var ein del møteverksemd. Den nye organisasjonen vart skipa på

Skei i oktober og fekk namnet Sogn og Fjordane Kulturnettverk.

I praksis er det Sogn og Fj. Musikkråd med nytt namn. Organisasjonen skal etterkvart gjelde alle kulturelle uttrykk, men førebels er det starta med musikken.

Det er innført medlemskontingent og folkemusikklaget er med.

#### Seminar, møte og anna representasjon.

Fleire møte i Førde, saman med andre org. tilknytt Førdefestivalen: Berit Anne Knudsen, Eva Kristin Svidal, Johannes Rotihaug

Generalforsamling i Førdefestivalen: Johannes Rotihaug og Jens Brekke

Møte om ny nettverksorg i S.og Fj. på Skei: Jørgen Erviksæter (Johannes Rotihaug).

Årsmøte i S. og Fj. Musikkråd: Aslak Johnsen og Eva Kristin Svidal

Møte på Skei i Monemnda: Eva Kristin Svidal, Aslak Johnsen, Jofrid Nedrebø og Gro Marie Svidal

**Eva Kristin Svidal møtte Lene Fureli om danseprosjekt på Førdefestivalen .**

Jens Brekke, Berit Anne Knutsen og Mari Andrea Ness har hatt tlf. møte om ungdomssatsing i Førdefestivalen.

Jens Brekke og Mari Andrea Ness har hatt møte med Lene Fureli i same sak.

**Leiarmøte Vestlandskappleiken: Eva Kristin Svidal**

Folkelarm: Jens Brekke og medhjelpar Gro Marie Svidal.

Årsmøte i LfS. Eva Kristin Svidal og Dagrun Hesjevoll

-

Laget er representert i:

Ragnar Vigdals minnefond : Dagrun Hesjevoll

**Sogn og Fjordane Kulturnettverk: Magnus Hope, Johannes Rotihaug (vara)**

### **Folkelarm**

Folkelarm vart avvikla i Oslo 21.- 23.oktober som eit nytt tiltak innan folkemusikken. Det vart svært vellukka og er komme for å bli. Det var mykje gode artistar å sjå, høyre og kjøpe for dei som var ute i det ærend.

Folkemusikklaget var til stades med stand, der ein presenterte Mokurset. Jens Brekke og Gro Marie Svidal hadde ansvaret for denne. Dagleg leiar var der som observatør (privat) og Eva Kristin Svidal i sin jobb.

Seminalet på søndag : Kultur som næring deltok ein og på.



## **ANDRE FOLKEMUSIKKTILTAK I FYLKET.**

Her tek me med andre tiltak i fylket som ikkje vert drivne av Folkemusikklaget. Me har med dei tiltak som me har informasjon om og som me trur kan ha interesse for medlemmane.

### **Førde internasjonale folkemusikkfestival:**

**Festivalen er no ”knutepunktfestival”. Det inneber endringar i finansieringa som gjer at ein er sikra meir midlar frå stat, fylke og kommune.**

**I representantskapet set Johannes Rotihaug med Dagrun Hesjevoll som vara.**

-

### **Folkemusikkarane i S. og Fjordane.**

Ansvarleg for gruppa er Fylkeskommunen v/ Øyvind Lyslo som er fylkesmusikkleiar. Det er ingen endring i samansetjinga av gruppa. Sigmund Eikås, Elin Grytting, Harald Hesjevoll, Oddbjørn Ramstad og Vidar Underseth er tilsette. Elin og Vidar er inne att etter permisjon, så gruppa er no fullstendig.

Frå seinhausten så har dei jobba med å lage ein turne saman med folkemusikkarane i Hordaland. Dei skal på turne på ”bøljan blå” med seglskuta ”Mathilde”. Turneen startar i mars.

-

### **Sogn og Fjordane Teater.**

Teateret har for tredje år på rad sett opp eit stykke med folkemusikk og – folkedans i samarbeid med Førdefestivalen. I år var det 1905, unionsoppløysinga

som vart markert med stykket ”Hundre år og like stri”. Gro Marie Svidal spela ”Mor Noreg” og elles var Synnøve S. Bjørset, Øyvind Lyslo og dansarar frå Jølster med frå vårt fylke. I oppsetjinga var det og med folkemusikkarar frå Hordaland.

## Den kulturelle skulesekken.

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som vert finansiert gjennom overskotet frå Norsk Tipping. Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga, administrerer turnear som går til alle grunnskulane i fylket.

Skuleåret 2005/ 2006 har Elin Grytting saman med Hanne Oftedal vore på turne med "Primstaven" og Britt Pernille Frøholm og Siren Thorsheim med programmet "Så rart å vere flaggermus"

Den kulturelle skulesekken har og ei lokal satsing i kommunane. Kommunane får overført midlar frå Fylkeskommunen til å drive denne satsinga i tillegg til midlar dei legg inn sjølv. Også lokalt er folkemusikk representert i tilboda.

-  
-  
-  
-

## Diverse

Desse har komme med plate i 2005:

- Gruppa "Gamalnymalt" som består av Sigrid Moldestad, Håkon Høgemo og Einar Mjølensnes med plata "Gamalnymalt"
- Arne Sølvberg: med "Solo"
- Gamaldansgruppa "Labakkalaget" med: "Aoret rundt i Luster"
- "Spindel" med: "Aminje"
- Unni Løvlid: med "Vita" og "Brigdes- Live in China" Den siste saman med norske og kinesiske musikarar.
- Magne Dragesæt: "Stryns skjønnet" – speledugnad i Nordfjord-

\* Synnøve S. Bjørset vann saman med gruppa "Majorstuen" den fyrste

”Introfolk- finalen”. Dei fekk og ”Hilmarprisen”

\* Synnøve var produsent for plata ”Hardingfelespel frå Sunnfjord”

som vart slept på Vestlandskappleiken.

- Dansegruppa ”Botavon” fekk Sparebanken Sogn og Fjordane sitt ungdomsstipend under Førdefestivalen. Dei mottok og Jølster Kommune sitt ungdomsstipend.

## **SLUTTORD.**

2005 er over og det er tid for eit tilbakeblikk. Me har gjennomført det meste av det me hadde ambisjonar om, og som er vedteke i den treårige strategiplanen.

Det syner seg at kurs er ikkje så enkelt å få avvikla lenger. Det er mange tilbod på marknaden å velje i, for dei unge utøvarane våre. Men kappleikane , sjokoladekappleiken og Mokurset vart godt avvikla og er tiltak som ein må halde fram med, og vidareutvikle.

Ungdomssatsing på Førdefestivalen vert det arbeida med og me vonar å ha eit samarbeidsprosjekt på skinner til sommaren.

Me takkar lokallaga og enkeltmedlemar som står på og yter ein stor innsats i arbeidet for å ta vare på og vidareføre folkemusikk og -dansetradisjonane i fylket.

Eva Kristin Svidal (s)    Jens Brekke (s)    Berit Anne Knudsen(s)

-leiar-

-nestleiar-

-styremedlem-

Aslak Johnsen (s)

Johannes Rotihaug (s)

Arve B. Røneid

-styremedlem-

-styremedlem-

-1.vamedlem-

Dagrun Hesjevoll

-dagleg leiar-